

Referat frå møte i Sandnes Sokneråd

Skrivar: Britt E. Nordland

Møte nr: 03.13

Møterom/-stad: Kyrkjelydsalen

Dato: 29.08.13

Møtedeltakare: Knut Sørheim, Grete Daae Lahti, Gunvor Fyllingsnes, Ragnhild Skuggedal, Britt Nordland, Øystein Hagesæther

Referat til: Medlemane, Varamedlemane, dagleg leiar i fellesrådet, diakoni og undervisningsleiar.

19/13 Godkjenning av møtebok frå 09.04.13

Godkjent med følgjande merknader:

- Reinhold på toalett samt innkjøp av toalettpapir er kyrkjetenar sitt ansvar.

20/13 Skriv og meldingar.

Søknad om OVF-midlar til projektor vart avslått. Årsak: OVF hadde fått tildelt færre midlar enn først antatt. 2013 er ungdomsår i Bjørgvin bispedøme. Dei ville difor bruke midlane dei hadde disponible på prosjekt direkte retta mot ungdom.

21/13 Gudstenester ut 2013 - fordeling av ansvar for kyrkjekaffi og offerpengar.

Dato	Ansvarleg	Merknad
08.09.	Britt og Solfrid	Konfirmantpresentasjon, Dåp, Biblar til 5. klassingar.
22.09.	Grethe	Granneheimen kl. 17.00
06.10.	Arnold	
17.11.	Solfrid og Sissel	Diakonigudsteneste. Invitasjon av pårørende til avlidne siste 12 mnd.
24.11.	Britt og Ragnhild	Familiegudsteneste kl. 15.30. Kyrkjevok til 4-åringar.
08.12.	Solfrid	
22.12.	Grethe	Granneheimen
25.12.		kl. 12.00

22/13 Erfaringar omkring gudstenesteordninga.

Knut orienterte om erfaringar gjort hittil.

- Det ser ut for at folk set pris på ferdig opptrykt "program" - spesielt dei som ikkje går i kyrkja så ofte. Men salmebøker gløymer folk å ta med. Skal me ha ein "kyrkjevert" som t.d. kan dela ut salmebøker? Er det i så fall noko medlemmar i soknerådet kan ta seg av?
- Når det gjeld gruppa av ungdommar som skulle hjelpe til under gudstenesta, har ikkje det kome i gang skikkeleg. Det er ikkje så lett å få til ettersom mange reiser vekk på skule etc.
- Kanskje me kan nytta alternativ musikk under gudstenesta, t.d. blåsarar, trekkspel, band etc. Det hadde vore kjekt å få til noko som engasjerte fleire og samstundes trakk fleire folk til gudstenestene.

23/13 Nytilsett barne- og ungdomsarbeidar.

Gunvor informerte om den nye barne- og ungdomsarbeidaren som er tilsett. Ho heiter Marit Nesse, er 30 år og kjem frå Myking, men bur på Leknes. Ho er utdanna dramapedagog og overtar 30 % av Gunvor sin stilling, bl.a. kveldsarbeidet med tenklubb.

24/13 Eventuelt

Den 7. desember held Leif Ove Andsnes støttekonsert for Baraka Learning Center i Sandnes kyrkje. Baraka Learning Center (BLC) er eit førskule- og utviklingstilbod for 5-6 åringar i landsbyen Randago og Siaya District i Kenya. På konserten medverkar og skodespelar Raghild Hiorthøy og sangeren Rhoda Ondeng Wilhelmsen. Alle medverkar utan honorar, og konsertinntektene går uavkorta til BLC. Medlemmar av soknerådet kan førehandstinga billettar, pris kr. 500,-/stk.

Husk å bruke nettsida vår: www.masfjorden.kyrkja.no

Neste soknerådsmøte vert 14. november kl. 18.30

Knut Sørheim

Ragnhild Skuggedal

Grete Daae Lahti

Britt Nordland

Arnold Andvik

Solfrid V. Kvamme

Svein Elvik